

Hanne Seljelid

Veråsvegen 36

5955 Lindås

Byggesak

Lindås kommune



### **Søknad om løyve til tiltak etter plan og byggingslova (pbl.) §§20-1 og 20-3, saksnr 17/2100**

Ut i frå svaret eg har fått på denne søknaden, er det tydeleg at eg har misforstått svaret i e-post frå Dykk 18.04. Det ser også ut til at de har misforstått meg litt, så håpar med dette me kan få løyst denne saka.

Det ligg ved nye teikningar der tiltaket har endra storleik. Overbygget som ligg på skissa er fjerna, slik at det ikkje kan misforståast. Dette var ikkje meint å vere del av den opprinnelige søknaden, og difor heller ikkje skildra i søknaden,

#### **Plangrunnlag, dispensasjon, søknadstype, arealopplysninger**

Teikningane er no endra slik at tiltaket kjem inn under grensa på 50 m<sup>2</sup>, slik at behovet for søknad med ansvarsrett fell vekk, og såleis også behov for dispensasjon.

#### **Visuelle kvalitetar**

For å setje opp ein terrasse og setje inn nye vindauge, ser eg ikkje behov for å kontakte arkitekt for å få utarbeid betre skisser. Teikningane er utferdiga i høve til dei krav som er meg førelagd.

Plantegning, snitt-teikning og fasadeteikninger er i målestokk 1:100

Teikningane er fagmessig utført og gir eit korrekt bilette av bygningen/konstruksjonen.

- dei har rette strekar, og er teikna med rette mål på millimeterpapir

- dei har påført alle relevante mål

Kvar teikning har eit tittelfelt som inneheld følgjande informasjon:

- gards og bruksnr

- byggjeadresse
- namn på tiltakshaver
- Tiltakets art
- Type teikning
- Teikningsnr
- Målestokk
- Dato
- Områdene for endring er markert i raudt
- teikningane er levert i storleik A4.

I tillegg er det lagt ved eit fotografi av fasaden slik den ser ut i dag.

### **Teikningar og kart**

Nytt situasjonskart er lagt ved, der det er oppgitt avstand til nabogrense og påført ytre hovudmål.

Det er allereie sendt inn teikning av den fasaden som er påverka av dette tiltaket. Det er ikkje tenkt å gjere innvendige endringer, det er berre for å skape nye lysinnslepp i eksisterande rom. Det eksisterer ikkje teikningar av huset, legg difor ved planløysing henta frå prospekt.


Håper med dette at me har fått avklart at dette er eit mindre tiltak!

Då naboane ikkje hadde innspel, og var svært positive til nabovarsel på tiltaket når det var noko større, har eg ikkje invovert dei i denne oppdateringa.

Håper på snarleg svar!

Med helsing

Hanne Seljelid



Vedlegg:

Vedlegg 1: Fasade Vest

Vedlegg 2: Plantegning

Vedlegg 3: Fasade Øst og Sør

Vedlegg 4: Situasjonsplan

Vedlegg 5: Skisse

Vedlegg 6: Foto fasade Vest

Vedlegg 7: Planskisse 1. etg og loft.